

## **2. MERKNADER TIL DRIFTSRESULTATET ØKONOMI**

Regnskapet for 2012 viser eit underskot 37 000 kroner. Forbruket når det gjeld økonomisk sosialhjelp er innafor rammene. I løpet av året tok 148 personar imot økonomisk sosialhjelp. Dette er 18 fleire enn i 2011. Sjølv om fleire personar har mottatt økonomisk sosialhjelp har samla utbetaling gått ned med ca. 458 000 kroner. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er likevel høge på Gol samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal.

Gol har i 2012 hatt i gjennomsnitt 2 deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet. Det er ei målsetting at talet på deltakarar i gjennomsnitt skal være 5.

## **3. STILLINGAR LIKESTILLING/INTEGRERING**

Det er tilsett ein mann og 3 kvinner. Det er ikkje tilsett personar med nedsett funksjonsevne eller minoritetsbakgrunn.

## **4. SJUKEFRÅVERE/ARBEIDSMILJØ**

Avdelinga har eit godt arbeidsmiljø og sjukefråværet er svært lågt.

## **5. OPPGÅVER, MÅL OG AKTIVITETAR 2012.**

Hovudmålet er å bidra til at brukarane av økonomisk sosialhjelp blir sjølvhjulpne, primært gjennom inntektsgivande arbeid. I tillegg til oppgåver etter lov om sosiale tenester i NAV, er flyktningtenesta lagt inn. Det er våren 2012 fatta vedtak i kommunestyret i Gol og Hemsedal om samanslåing av NAV-kontora med verknad frå 01.01.13.

### **Flyktningar**

Resultata frå introduksjonsprogrammet er framleis gode. Mange kjem ut i arbeid eller utdanning etter å ha fullført programmet.

Gol kommune har i 2012 teke imot 11 flyktningar. Det er vedteke at Gol kommune skal ta imot til saman 40 flyktningar i perioden 2012 – 2015.

### **6. DELTAKING I REGIONALT SAMARBEID**

Gjennom NAV er det mykje regionalt samarbeid på mange områder og plan.

I flyktningarbeidet er det mykje samarbeid mellom kommunane i Hallingdal.

### **7. PLANLAGDE OPPGÅVER 2013 INNAFOR VEDTEKE BUDSJETT**

Vi skal ha stort fokus på arbeid som det viktigaste verkemiddel for å førebyggje fattigdom. Vi skal derfor arbeide målretta for at dei som tek imot økonomisk sosialhjelp og flykningar kjem ut i inntektsgivande arbeid.

Det er ei målsetting med samanslåinga med NAV Hemsedal at det skal frigjerast ressursar til oppfølging av brukarar mot arbeid.

